

Årsrapport **2009**



KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET



2009 var eit år prega av finanskrisa og av utfordringane som følgde av den. Kommunal- og regionaldepartementet var involvert i arbeidet med tiltakspakka som regjeringa la fram i januar i fjor.

Forord

2009 var eit år prega av finanskrisa og av utfordringane som følgde av den. Kommunal- og regionaldepartementet var involvert i arbeidet med tiltakspakka som regjeringa la fram i januar i fjor. Vi fremma òg ei lang rekkje proposisjonar og meldingar for Stortinget. Vi kan nemne distrikts- og regionalmeldinga og ein proposisjon om endringar i vallova.

Av andre større oppgåver departementet har arbeidd med, kan vi nemne lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK), valdesign og e-val, kvalitetskommuneprogrammet og arbeidet med universell utforming.

Departementet var aktiv i det internasjonale arbeidet og deltok mellom anna på regionalministermøtet i Tsjeckia om EUs regionalpolitikk og styremøtet i FN's komité for busetjing, UN-Habitat. Departementet var òg vertskap for det nordiske kommunalministermøtet som blei arrangert på Sola i august.

Departementet hadde ansvar for gjennomføringa av stortingsvalet i 2009. Eit resultat av valet var at departementet fekk ny statsråd i Liv Signe Navarsete.

Kompetansen til dei tilsette er den viktigaste innsatsfaktoren departementet har. Vi ønskjer derfor å tilby ein god organisasjonskultur og gi tilbod om kurs og etterutdanning til dei tilsette. Det vart også gjennomført ein medarbeidarundersøking i 2009, kor resultata skal følgjes opp. Kulturelle og sosiale aktivitetar fremmar òg trivselen. Kulturlunsjar, velferdstur, julebord og sommarfest er eksempel på tiltak for å gjere departementet til ein trivelig arbeidsplass.

Juni 2010




Eivind Dale, departementsråd



Gunnar Andréson, ekspedisjonssjef
Plan- og administrasjonsavdelinga



Kommunal- og regionaldepartementet har ansvaret for bustad- og bygningspolitikken, regional- og distriktspolitikken og rammevilkåra for kommunesektoren.



Innhold

Om Kommunal- og regionaldepartementet	4
Kommunal- og regionaldepartementets organisasjon	5
Organisasjonskart	5
Underliggjande og tilknytte verksemder	6
Større aktivitetar i 2009	8
Meldingar, proposisjonar og offentlege utgreiingar	8
Råd og utval	11
Prosjekt og andre større oppgåver	11
Internasjonale aktivitetar	14
Tverrfaglege aktivitetar	15
Avdelingane i departementet	21
Plan- og administrasjonsavdelinga	21
Regionalpolitisk avdeling	22
Kommunalavdelinga	23
Bustad- og bygningsavdelinga	24
Kommunikasjonseininga	25
Personalområdet	26
Oversikt over bemanninga i eit mangfaldsperspektiv	27
Kompetanse	30
Helse, miljø og tryggleik	33
Sosiale aktivitetar og velferdstiltak	34
Driftsbudsjett og driftsrekneskap for 2009	35


Om Kommunal- og regionaldepartementet

Ansvar og hovudoppgåver

Vi har ansvaret for bustad- og bygningspolitikken, regional- og distriktspolitikken og rammevilkåra for kommunesektoren.

Vi har i utgangspunktet fem hovudtypar oppgåver:


- 1 vere fagleg sekretariat for den politiske leiinga, her medrekna å gi faglege råd om politikikutvikling på ansvarsområda våre
- 2 gjennomføre sektorpolitikk overfor kommunar, fylkeskommunar, næringsliv, organisasjonar og innbyggjarar innanfor politisk gitte rammer (mellom anna ved planlegging, utgreiing, gjennomføring og kommunikasjon av dei sakene som departementet har ansvar for)
- 3 behandle enkeltsaker (gjere vedtak i enkeltsaker der departementet har fått spesiell avgjerdsrett i samsvar med lov, forskrift eller forvaltningspraksis, svare på spørsmål og ulike typar førespurnader til departementet, utarbeide tilsvaret i rettssaker o.a.)
- 4 administrere og organisere underliggjande verksemdar knytte til departementet (ekstern administrasjon)
- 5 administrere og organisere departementet sjølv (internadministrasjon)



Kommunal- og regional- departementets organisasjon

Den politisk leinga i Kommunal- og regionaldepartementet består av ein statsråd, tre statssekretærar og ein politisk rådgivar. Den administrative leinga består av ein departementsråd, fire ekspedisjonssjefar og ein

kommunikasjonssjef. Departementet hadde per 31. desember 2009 181 årsverk og 195 tilsette. Meir om dei ulike avdelingane følgjer i kapitlet «Avdelingane i departementet».



Organisasjonskart per mars 2009

* Noregs forskingsråd nyttast som ein verkemiddelaktør av alle avdelingane i Kommunal- og regionaldepartementet

Underliggjande og tilknytte verksemdar

Kommunalbanken AS

Kommunalbanken AS blei statsaksjeselskap etter at staten ved Kommunal- og regionaldepartementet i 2009 kjøpte KLP sin aksjedel på 20 prosent. Formålet med Kommunalbanken er å gi lån til kommunar, fylkeskommunar, interkommunale selskap og andre selskap som utfører kommunale oppgåver mot anten kommunal garanti, statleg garanti eller annan sikker garanti.

Husbanken

Husbanken legg til rette for at kommunane kan gjennomføre bustadpolitikken sin lokalt. Husbanken er ein del av velferdspolitikken til staten, sidan det bustadsosiale arbeidet er ei kjerneoppgåve. Husbanken hjelper kommunane i deira arbeide med bustadsosiale oppgåver. Dette skjer ved at banken rettleier kommunane i bruk av tilbod og av finansieringsordningane kompetansetilskot, bustadtilskot, bustøtte og startlån.

Husbanken skal òg stimulere til kvalitet i bustader gjennom bruk av grunnlån, støtte til forprosjekt og støtte til kompetansebyg-

ging hos sentrale aktørar. Viktige tema er miljø og energi, universell utforming, god byggjeskikk og områdeutvikling. Husbanken gir tilskot til bygging av studentbustader, omsorgsbustader og sjukeheimar. Han gir òg barnehagelån og rentekompensasjon til opprusting av skule- og symjeanlegg og kyrkjebygg.

Statens bygningstekniske etat

Statens bygningstekniske etat bidrar til å nå måla for bygningspolitikken. Etaten er eit kompetansesenter for bygningssaker, han er utøvande faginstans innan byggjesak og bygningsteknikk, og han hjelper departementet fagleg på områda bygningsteknikk, miljø, helse og sikkerheit og byggjereglane generelt. Etaten har ansvar for ordninga med sentral godkjenning av føretak for ansvarsrett og for utvikling av og tilrettelegging for elektronisk byggjesakshandsaming. Statens bygningstekniske etat har tilsyn med byggjevaremarknaden og produkt som skal nyttast i byggverk.

Husleigetvistutvalet

Husleigetvistutvalet er eit tvistløysarorgan som kan mekle og ta avgjerder i alle typar av tvistar om leige av bustad i Oslo og Akershus. Formålet er å sikre rask, rimeleg og kompetent handsaming av tvistane. Husleigetvistutvalet blei gjort permanent frå 1. januar 2009. I 2010 skal virkeområdet til Husleigetvistutvalet utvidast til å gjelde Bergen og Trondheim.

Distriktssenteret – kompetansesenter for distriktsutvikling

Distriktssenteret er ein kunnskaps- og erfaringsbase og ein støttespelar for heilskapleg og berekraftig utviklingsarbeid i distrikta. Distriktssenteret skal bidra aktivt til å bygge opp kompetanse om distriktsutfordringar og ha ei rolle som landsdekkjande kompetanseorgan, rådgivar og bidragsytar for styresmakter og eldsjeler.

For Distriktssenteret var 2009 det første ordinære driftsåret. Frå hausten 2009 var nettsida hovudkommunikasjonskanalen mot brukarane, og ei sentral oppgåve i 2009 var å gjere nettstaden meir attraktiv og meir brukt. I 2009 jobba Distriktssenteret òg mykje med å få på plass Kunnskapsbasen som ein integrert del av nettsida. Basen skal lanserast våren 2010. Distriktssenteret overtok fleire oppgåver frå departementet, mellom anna å administrere arbeidet med omdømmeskulen og med nettstaden RY. Distriktssenteret la hausten 2009 ut på ein inspirasjonsturné, og den kjem òg til å utgjere ein del av arbeidet i 2010.

Selskapet for industrivekst (SIVA) og Innovasjon Noreg (IN)

SIVA og IN er begge sentrale aktørar i distrikts- og regionalpolitikken. SIVA opererer på vegner av departementet i fleire program for å styrkje innovasjon og verdiskaping i distrikta. IN skal fremme lønnsam næringsutvikling og bidra til å utløyse næringsmessige fortrinn i heile landet.

SIVA og IN ligg begge administrativt under Nærings- og handelsdepartementet. Eigarskapen til IN er delt mellom Nærings- og handelsdepartementet og fylkeskommunane.

Noregs forskingsråd

Noregs forskingsråd er ein sentral aktør innanfor forskningssystemet og ein viktig forskingspolitisk rådgivar for departementa. Det langsiktige ansvaret som Kommunal- og regionaldepartementet har for forskingssektoren, er det i stor grad Noregs forskingsråd som ivaretek. Forskningsprogramma til forskningsrådet bidreg til å betre kunnskapsgrunnlaget for politiske avgjerder. Dette skjer ved støtte til bestemte forskingsprogram, og særleg DEMOSREG-programmet blir prioritert. Støtta som departementet gir til brukarstyrt forskning og innovasjon, er dessutan eit viktig verkemiddel i regionalpolitikken. Noregs forskingsråd skal gi styresmaktene råd i forskingspolitiske saker, forvalte forskingsmidlar, skape møteplassar og vere nettverksbyggjar.



Større aktivitetar i 2009

Under gir vi ei kort oversikt over større aktivitetar i Kommunal- og regionaldepartementet i 2009.

Meldingar, proposisjonar og offentlege utgreiingar

Prop 1 S (2009–2010) Kommunal- og regionaldepartementet

I budsjettproposisjonen blir dei økonomiske rammene for ansvarsområdet til departementet for det kommande budsjettåret 2010 fremma. Budsjettforslaget fordeler utgifter på om lag 110,7 milliardar kroner på 15 budsjettkapittel. Det er gjort greie for budsjett-disponeringa i 2008 og 1. halvår 2009, og det er rapportert om måloppnåinga på området.

Prop 21 S (2009–2010) Om auka låneramme i Husbanken

Etterspurnaden etter husbanklån var større enn venta i 2009. Langt fleire har valt husbankfinansiering. Kommunane har òg vidareformidla meir startlån enn i tidlegare år. Låneramma til Husbanken blei derfor auka med 2 milliardar kroner i 2009 til 16 milliardar kroner.

Prop 43 S (2009–2010) Om endringar i statsbudsjettet for 2009 under Kommunal- og regionaldepartementet

Endringane gjeld det løpande budsjettåret og er i all hovudsak av teknisk karakter, til dømes justeringar ved renteendring eller lågare forbruk enn føreset. Ei anna viktig endring var ei auka løyving til toppfinansieringsordninga for ressurskrevjande tenester.

St.prp. nr. 11 (2008–2009) Ei styrkt bustøtte

Ei utviding i regelverket for bustøtte tredde i kraft i 2009. 14 500 nye mottakarar har kome inn i bustøtteordninga etter utvidinga. Dei nye mottakarane er dels einslege forsørgjarar og dels barnefamiljar. Utbetalingane auka med 11,5 prosent frå 2008 til 2009. Totalt fekk om lag 136 000 husstandar ei eller fleire bustøtteutbetalingar i 2009.

Ny byggjesaksdel i plan- og bygningslova, samt forskrifter

Innst. O. nr. 50 (2008–2009) og Besl. O. nr. 68 (2008–2009)

Stortinget gjorde vedtak om ny byggjesaksdel av plan- og bygningslova våren 2009, jamfør Ot.prp. nr. 45 (2007–2008). I dei nye forskriftene blir det mellom anna stilt nye krav til universell utforming, skjerpa heiskrav, krav til betre branntryggleik og



miljøkrav til bygg og materiale. Vidare seier forskriftene at det skal vere obligatorisk uavhengig kontroll og auka tilsyn i kommunane, forsvarleg handtering av byggjeavfall, oppfølging av ulovlege tilhøve og meir oversiktlege sakshandsamingsreglar. Desse forskriftene er vedtekne og trer i kraft saman med lova 1. juli 2010 med unntak av obligatorisk krav til kontroll, som trer i kraft 1. juli 2011.

**St.prp. nr. 68 (2008–2009) Kommune-
proposisjonen 2010**

Kvar vår legg regjeringa fram kommune-
proposisjonen. Kommunesektoren får her informasjon om dei økonomiske rammene det kommande året. I tillegg blir det gjort greie for eventuelle endringar i det økonomiske opplegget for resten av 2009.

**St.prp. nr. 79 (2008–2009) Kommunal-
banken AS – kjøp av KLPs eierandel**

Kommunal- og regionaldepartementet fekk tilslutning til å kjøpe KLP sin aksjedel på 20 prosent av Kommunalbanken AS på grunn av dårleg konkurransesituasjon i lånemarknaden for kommunesektoren. Kommunekreditt miste marknadsposisjonen sin da eigaren Eksportfinans stoppa tilgangen på kapital og Kommunekreditt ikkje lenger kunne gi nye lån.

**Ot.prp. nr. 32 (2008–2009) Om lov om
endringar i vallova og kommunelova
(tidleggrøyster, valobservasjon mv.)**

Departementet fremma i januar forslag

om å endre vallova for å gi moglegheit til å røyste før den ordinære førehandsrøystinga tek til (tidleggrøyster). Det blei dessutan føreslått at når kommunestyret tek stilling til spørsmål om opningstid i vallokala på valdagen og fattar vedtak om todagars val, er det tilstrekkeleg at 1/3 av medlemmene røystar for slike vedtak. Proposisjonen inneheldt òg forslag om å innføre sanksjon i form av lovbrotsgebyr dersom nokon handlar i strid med vallova sine føresegner om ikkje å offentleggjere valdagsmålingar og valresultat før vallokala stengjer klokka 21 valdagen. Det blei føreslått ein eigen heimel for akkreditering av valobservatørar og å knesetje prinsippet om at kommunane kan halde lokale folkerøystingar. Samstundes blei det føreslått ein heimel for innsamling av data til eit register om lokale folkerøystingar. Forslaga blei vedtekne av Stortinget i mai.

**Ot.prp. nr. 50 (2008–2009) Om lov om
endringar i forvaltningsloven (habilitet
for styremedlemmer mv. i offentlig
heleide selskaper)**

Endringane gjeld frå 1. november 2011 og går ut på å oppheve unntaket for offentlig heileigde selskap i forvaltningslova. Dette inneberer at personar som kombinerer ulike roller, til dømes offentlege tenestemenn og folkevalde som er leiarar eller medlemmer av styre i offentlege heilåtte selskap, automatisk vil bli ugilde.

Ot.prp. nr. 57 (2008–2009) Om lov om endringer i lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (kjønnsbalanse i styrene i aksjeselskaper som er eid av kommuner)

Frå 1. januar blei det gjort endringar i kommunelova der ein krev kjønnsbalansert samansetnad av styra i kommunalt kontrollerte aksjeselskap. Endringa er etter mønster av reglane om kjønnsbalanse i allmennaksjelova, aksjelova og likestillingslova. Regelen krev at kvart kjønn skal vere representert med minst 40 prosent i styret når kommunar og/eller fylkeskommunar eig 2/3 eller meir av selskapet.

Meld. St. 7 (2009–2010) Gjennomgang av særlovshjemler for statlig tilsyn med kommunene

Meldinga er ein gjennomgang av alle reglane i 14 særlover som gir heimel for statleg tilsyn med kommunane. Det blir ført statleg tilsyn med kommunane på stadig fleire område. Statleg tilsyn med kommunane skal innrettast slik at det er målretta og effektivt, og det skal ikkje innførast tilsyn på nye område utan at det er vurdert som nødvendig.

St.meld. nr. 25 (2008–2009) Lokal vekstkraft og framtidstru – Om distrikts- og regionalpolitikken

Meldinga er ein gjennomgang av statusen for distrikts- og regionalpolitikken for stortingsperioden 2009–2013. Meldinga tek utgangspunkt i regjeringa sitt mål om at folk skal ha fridom til å velje kvar dei vil bu. Ein

aktiv regionalpolitikk skal leggje til rette for vekst og utvikling i heile landet. Ei hovudlinje i meldinga er at det skal ligge til rette for at kommunar og lokalsamfunn skal bestemme mest mogleg sjølv og kunne styrkje den lokale vekstkrafta. Utviklinga av attraktive lokalsamfunn er avhengig av innsats frå kommunane og lokalbefolkninga. Den differensierte arbeidsgivaravgifta og bruken av dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla for næringsutvikling og lokale utviklingstiltak blir vidareført.

Meldinga varslar tiltak for å setje kommunane betre i stand til å arbeide med lokal samfunnsutvikling, tiltak for å utvide mentorordninga for unge og eit program for å auke bulyst. Meldinga har ei særskild omtale av utfordringar og innsats i Nord-Noreg og fjellområda i Sør-Noreg. Det er ei omtale av utviklinga i innsatsen på ei rekkje politikkområde som er viktige for å nå distrikts- og regionalpolitiske mål, til dømes kommuneøkonomi, transport, breiband, landbruk, utdanning og forskning, fisk og havbruk og naturvern.

I 2009 har departementet teke aktivt del i oppfølginga av Nye byggesteiner i nord.

Råd og utval

Regjeringsutvalet for distrikts- og regionalpolitikk

Regjeringsutvalet for distrikts- og regionalpolitikk er leidd av kommunal- og regionalministeren. I 2009 blei det arbeidd med finanskrisa, utdanningspolitikken og oppsummeringa av arbeidet med den breie regional- og distriktspolitikken i perioden 2006–2009.

Utval om lovframlegg av frivillige sikringsordningar i burettslag

Sommaren 2009 gjorde eit utval framlegg til lovregulering av minimumskrav til frivillige sikringsordningar i burettslag (NOU 2009:17). Ordninga skal sikre andelseigarar mot å bli ansvarlege for felleskostnadene til dei andelseigarane som ikkje betaler. Etter høyring har departementet arbeidd vidare med framlegga i samband med andre lovframlegg som har til formål å førebyggje problem med såkalla låginnskotsbustader. Våren 2010 vil framlegga bli lagde fram for Stortinget.

Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi

Utvalet blei oppnemnt i 1979 og er eit partsamansett utval for rapportering, statistisk tilrettelegging og fagleg vurdering av data som gjeld økonomien i kommunane og fylkeskommunane. Utvalet utarbeider årleg to rapportar og tre notat til konsultasjons-

møta mellom staten og kommunesektoren. Departementet er ein del av sekretariatet for utvalet og har ei koordinerande rolle ved utarbeiding av rapportar og notat.

Prosjekt og andre større oppgåver

Nordområdesatsinga

I 2009 har departementet teke aktivt del i oppfølginga av Nye byggesteiner i nord, som er nordområdesatsinga til regjeringa. Innsatsen i 2009 har særleg vore knytt til Forskingsløft i nord, der ein vil styrkje kunnskapsinstitusjonane i Nord-Noreg. Andre innsatsområde har vore ARKTEK, som er ei nærings-satsing på arktisk teknologi, satsinga på reiseliv gjennom det nystarta Nordnorsk Reiseliv AS og eit prosjekt om reiseliv i samarbeid med Innovasjon Noreg.

Handlingsplan for entreprenørskap i utdanninga 2009–2014

Kunnskapsdepartementet, Nærings- og handelsdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet har i 2009 samarbeidd om å utarbeide ein ny handlingsplan for entreprenørskap i utdanninga, frå grunnskule til høgare utdanning. Entreprenørskap handlar om å etablere ny verksemd og om evna til å sjå potensial og gjere noko med dei på ei rekkje område i samfunnet.



Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK)

Arbeidet med satsinga Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK) tok til i 2009. Satsinga skal gjere kommunane enda betre til å planleggje, mobilisere, samarbeide og gjennomføre utviklingsprosjekt for å utvikle meir attraktive lokalsamfunn. Målet er betre kompetanse og kapasitet til å drive utviklingsarbeid i kommunane kontinuerleg. Det skal skje ved at ein utviklar eit tettare samarbeid både mellom fylke og kommunar og kommunar imellom for å styrkje kommunane i arbeidet med lokal samfunnsutvikling. Rolla til fylkeskommunane som samordnar, aktiv rådgivar og støttespelar for kommunar med utviklingsbehov skal styrkjast.

Systematisk opplegg for behandling av effekter og resultater av virkemiddelbruken over programkategori 13.50 (SOBER)

Ei evaluering av tilskot til fylkeskommunar til regional utvikling viste at verken fylkeskommunane eller departementet har sett nøye nok på resultata av bruken av midlane. I 2009 gjennomførte departementet tiltak for å styrkje arbeidet med å synleggjere resultata av bruken av midlane. Departementet har endra rapporteringssystemet. Innhaldet i rapporteringa skal nå i hovudsak dreie seg om resultatrapportering og rapportering om måloppnåing. Departementet har òg fastsett eit sett resultatindikatorar som det skal samlast inn verdiar for frå kvart prosjekt. I første omgang er dei nye krava gjort gjeldande for fylkeskommunane og dei midlane til regional utvikling som dei forvaltar.

Styrkt eigenkontroll i kommunane

I 2009 leverte ei arbeidsgruppe rapporten 85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane. Hovudtilrådinga frå arbeidsgruppa er at internkontrollen til administrasjonssjefen i den enkelte kommune bør styrkjast. Dei fleste av tilrådingane er retta mot kommunane og aktørane i eigenkontrollen lokalt. Nokre av tilrådingane vil det vere organisasjonane i kommunesektoren og staten som må følgje opp.


Val: designløysing i vallokala ved stortingsvalet 2009 og e-valsprosjektet

Ved valet i 2009 blei vallokala i kommunane Trondheim, Lenvik, Bømlo og Kongsberg innreidde etter standarden universell utforming. I tillegg fekk alle veljarane i Buskerud fylke prøve ut røystesetlar med ny utforming. Både veljarane og valmedarbeidarane i kommunane er svært begeistra for dei nye løysingane.

I 2008 var Stortinget positiv til at det skulle gjennomførast eit forsøk med elektronisk røysting ved lokalvalet i 2011. Departementet bestemte at e-val 2011-prosjektet samstundes også skulle utvikle eit nytt statleg valadministrativt datasystem. ErgoGroup vann konkurransen om den tekniske løysinga.

Samhandlingsreforma

Departementet har frå seinhausten 2008 vore involvert i arbeidet til Helse- og omsorgsdepartementet med samhandlingsreforma.



Målet med reforma er å sikre betre samhandling mellom kommune- og spesialisthelsetenestene og at kommunane skal få meir ansvar og fleire oppgåver i helsesektoren. Stortingsmeldinga om samhandlingsreforma blei lagd fram for Stortinget i juni 2009, og departementa tek sikte på å setje i gang reforma i 2012.

Kvalitetskommuneprogrammet

Programmet er ein del av fornyingsarbeidet til regjeringa og er eit samarbeid mellom staten, KS og arbeidstakarorganisasjonane. Målet med samarbeidet er at folkevalde, leiarar og tilsette saman skal heve kvaliteten i det kommunale tenestetilbodet. Kommunane som deltek skal særleg arbeide med å redusere sjukefråværet. Programmet skal også medverke til å styrkje omdømmet til kommunesektoren. 140 kommunar var med i 2009. Prosjektet tok til i 2007 og blir avslutta i 2010.

Arbeidet med inntektssystemet for kommunane og fylkeskommunane

Dei frie inntektene til kommunesektoren, rammetilskot og skatteinntekter, blir fordelte til kommunane og fylkeskommunane gjennom inntektssystemet. Målet med inntektssystemet er å sikre at dei økonomiske føresetnadene for å gi eit likeverdig kommunalt og fylkeskommunalt tenestetilbod over heile landet blir utjamna.

Utgiftsutjamninga gir i prinsippet full kompensasjon for kostnadstilhøve som ikkje

er frivillige, og som har dokumentert innverknad på utgiftene til kommunane og fylkeskommunane, til dømes alderssamansetjinga og busetjingsmønsteret.

Utgiftsutjamninga blir rekna ut på grunnlag av kostnadsnøklar. I kommuneproposisjonen 2011 skal det leggjast fram nye kostnadsnøklar. Da blir òg hovudtyngda av tilskot til barnehagar innlemma i inntektssystemet.

Miljøhandlingsplan

I 2009 blei det laga ein miljøhandlingsplan for bustad- og byggsektoren 2009–2012: «Bygg for framtida». Planen er ei tverrdepartemental oversikt over verkemiddel og tiltak for ein meir berekraftig bustad- og byggsektor. Planen peikar på fem miljøutfordringar i sektoren: klimagassutslepp, energibruk, bruken av helse- og miljøfarlege stoff i byggjeverksemnda, byggjeavfall og inneklima. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal utarbeide ein plan for auka energieffektivitet i nye og eksisterande bygg.

Departementet arbeider for å auke talet på miljøvenlege bustader og bygg med låg energibruk. Nye krav var på høyring i 2009 og vil bli fastsett i forskrift. Forslaget til skjerpte krav følgjer opp tiltak i klimameldinga og klimaforliket.

Universell utforming

Universell utforming er sentralt i departementet sitt arbeid. Krava til tilgjenge og universell utforming av publikumsbygg, arbeids-

Departementet arbeider for å auke talet på miljøvenlege bustader og bygg med låg energibruk.

bygg og nye bustader er skjerpte. Den nye lova inneheld òg ein heimel for å kunne gi forskrift om oppgradering av eksisterande bygg, anlegg og uteområde til universell utforming innanfor bestemte tidfristar. Arbeidet til departementet er eit viktig tiltak i regjeringa sin handlingsplan for universell utforming og auka tilgjenge i perioden 2009-2013.

Internasjonale aktivitetar

Departementet deltek i ei rekkje internasjonale organ og aktivitetar. Under følgjer ei oversikt over dei viktigaste internasjonale aktivitetane i 2009.

EØS og Interreg

Departementet finansierer ei stilling som ambassaderåd for kommunale og regionale saker i Brussel. I kontakten med råden har departementet særleg følgd arbeidet med nye direktiv, mellom anna tenestedirektivet og direktiva om det territoriale samarbeidet og regelverk for offentlig støtte. EU-landa har byrja diskusjonane om regionalpolitikken til EU etter 2014, og Noreg deltek i nokre av prosessane. Noreg deltok i 2009 på det uformelle regionalministermøtet i Tsjeckia, og departementet var vertskap for eit møte mellom regionalrådene som er stasjonerte i Brussel. Departementet har følgd opp det territoriale samarbeidet Interreg ved å delta i ulike styringskomitear.

Nordisk samarbeid – kommunalminister-møte i Noreg, august 2009

Departementet var vertskap for det nordiske kommunalministermøtet på Sola 5.–7. august 2009. Hovudtemaet for møtet var strukturelle og organisatoriske verkemiddel for å styrkje lokaldemokratiet og gi kommunesektoren betre kapasitet til å gi gode tenester til innbyggjarane.

Europarådet

Departementet har delteke aktivt på det kommunalpolitiske området i Europarådet. I Europeisk komité for lokalt og regionalt demokrati utvekslar departementet erfaringar med andre land om endringar i rammevilkår og nye initiativ. Viktige område i 2009 var demokratisk deltaking, reformer på regionalt nivå, modellar for interkommunalt samarbeid og erfaringar med tiltak for å dempe effektane av finanskrisa for kommunane. Noreg var representert på Europarådets konferanse for ministrar med ansvar for lokalt og regionalt demokrati i Nederland i 2009. På konferansen blei ein samd om ein felles europeisk handlingsplan for arbeidet med godt styresett på lokalt og regionalt nivå.

OECD

I OECD deltek departementet i komiteen for regionalpolitikk og i programkomiteen for lokal økonomisk utvikling og sysselsetjing.

Departementet var vertskap for det nordiske kommunalminister-møtet på Sola 5.-7. august 2009.

UN-Habitat

UN-Habitat er FN-komiteen for busetjing. Departementet leidde den norske delegasjonen til styremøtet i UN-Habitat. Styremøtet vedtok mellom anna at det skal haldast ein ny verdskonferanse om busetjingsspørsmål i 2016. Sesjonen drøfta elles UN-Habitat sitt arbeid med bustadfinansiering, klimautfordringane for byane, særleg i utviklingsland, og korleis organisasjonen best skal følge opp arbeidet sitt for å stimulere ungdom i dei store byane til å engasjere seg i byutviklingsspørsmål. Kommunane si rolle og kva slags basistjenester dei bør prioritere, var òg eit viktig tema på møtet. Noreg er blant dei landa som gir mest i frivillige bidrag til UN-Habitat sitt arbeid. Midla blir gitt over bistandsbudsjettet.

Tverrfaglege aktivitetar

Riksrevisjonens kontroll

På områda til Kommunal- og regionaldepartementet hadde Riksrevisjonen i Dokument nr. 1 (2009–2010) merknader til tilskot til regional utvikling til fylkeskommunane og til Husbanken sin rekneskap. I Riksrevisjonens rapport Dokument nr. 3:2 (2009–2010), som er en rapport om kontroll med forvaltninga av statlege selskap, hadde Riksrevisjonen merknader til Selskapet for industrivekst SF (SIVA SF).

I 2009 avsluttet Riksrevisjonen ein forvaltningsrevisjon under området til departementet der dei undersøkte tilgangen til samfunnslivet for personar med funksjonsnedsetjing.

Internkontroll og risikostyring

Risikostyring er ein del av internkontrollen. I 2009 blei departementet si samling av rutine-rettleiingar på økonomiområdet revidert. Risikoanalysane blir drøfta på toppleiarnivå og gir eit utgangspunkt for justeringar av strategiar og arbeidsmål.

Etatsstyring

Departementet har etatsstyring av Husbanken, Statens bygningstekniske etat, Distriktssenteret og Husleigetvistutvalet. Etatsstyring er dei administrative og faglege aktivitetane som departementet utøvar for å sjå til at arbeidet i etatane er i samsvar med måla og den ønskje resultatoppnåinga innanfor pålagde og avtalte rammer. I 2009 gjekk Husleigetvistutvalet frå å vere ei prøveordning til å bli permanent, og utvalet fungerer nå som ei vanleg underliggjande verksemd.

Innkjøp

Kjøp av forskings- og utgreiingsoppdrag og konsulenttenester er særleg viktig i verksemda til departementet. Departementet er derfor oppteke av å ha god innkjøpsfagleg kompetanse, slik at innkjøpa bidreg til måloppnåing, og at lov og forskrift om offentlege innkjøp blir overhalden. Departementet arbeidde i 2009 med ein innkjøpsstrategi som blir ferdigstilt i 2010.

Etikk

Dei etiske retningslinjene er omtalte i tildelingsbrevane våre til dei underliggjande

verksemdene og er tema i dei årlege leiarkontraktssamtalane departementsråden har med ekspedisjonssjefar og verksemdsleiarar. Retningslinjene er òg ein del av programmet for nytilsette i departementet.

Forskning og utviklingsarbeid

I 2009 blei ein stor del forskingsmidlar kanalisert til DEMOSREG-programmet i Noregs forskingsråd. Departementet har òg inngått ein strategisk avtale med Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR).

Gjennomførte evalueringar

I 2009 blei mellom anna følgjande evalueringar og utgreiingar gjennomførte av departementet eller dei underliggjande verksemdene:

Distrikts- og regionalområdet

Tilskot til fylkeskommunane til regional utvikling

- Utvikling av effektindikatorsystem og evaluering av kap. 551, post 60
- Kundeeffektundersøkelsen: etterundersøkelse 2005-årgangen (Innovasjon Noreg)

Nasjonale tiltak for regional utvikling

- Evaluering av FORNY-programmet
- Følgeevalueringar av FoU-inkubatorprogrammet
- Sluttevaluering av Mentorpilot 2008/2009 (Innovasjon Noreg)
- Midtveisevaluering Norwegian Centres of Expertise (NCE)



Kommunalområdet

Kvalitetskommuneprogrammet

- Evaluering av Kvalitetskommuneprogrammet
– en underveisrapport (finansiert av KS)

Inntektssystemet

- Evaluering/utredning av delkostnadsnøkkel videregående skole

Val og demokrati

- Evaluering av effekter av en eventuell gjeninnføring av strykninger ved kommunestyrevalg
- Lokalmedia og lokaldemokrati
- Likestilling i Utmarka

Bustad- og bygningsområdet

Bustadspolitisk arbeid

- Evaluering av Husbankens arbeid med opptrappingsplan for psykisk helse
- Lavinnskuddsboliger
- Fra leie til eie eller delt eierskap

Bygningskvalitet

- Evaluering av effekten av Husbankens intensjonsavtaler med boligprodusenter
- Evaluering av regler og veiledning om utbyggingsavtaler

IKT, tryggleik og beredskap

Departementet deltek i eit nært samarbeid med dei andre departementa og Service-senteret for departementa (DSS) i spørsmål knytte til vidareutvikling, vedlikehald og drift av IKT-løysingar. Vidare har departementet revidert den interne planen sin for krise-handtering og etablert administrative rutinar for jamleg vedlikehald. Departementet har delteke i eit samarbeid med DSS og 12 andre departement om etablering av eit felles styrings-system for IKT-tryggleik og fått utvikla ein overordna tryggleikspolitik. Arbeidet held fram i 2010.

I samband med avviklinga av kommune- og fylkestingsval i 2009 hadde departementet ei beredskapsøving på førehand, og ei fagleg beredskapsgruppe overvakte valavviklinga gjennom heile valnatta.

Arkiv

Det blei i 2009 registrert i alt 16 675 dokument i systemet. Av dette var 7764 inngåande dokument, 4231 utgåande dokument og 4680 interne notat. 4231 av desse dokumenta blei registrerte som e-post. Departementet fekk 956 krav om innsyn i 2009, ein auke på 38 førespurnader frå 2008. 160 innsynskrav blei avslådde, og departementet fekk tre klager på avslaga. To av klagene blei trekte tilbake, og eitt fekk medhald i innsyn. Ingen av krava blei anka til Kongen. I 2007 byrja eit særskilt prosjekt med avlevering til Riksarkivet. Arbeidet vil halde fram i 2010.

Kommunikasjon og media

I løpet av 2009 vedtok departementet ei ny kommunikasjonsplattform. Plattformen byggjer på strategiplanen, den statlege kommunikasjonspolitikken, offentleglova, arkivlova og prinsippa om klart språk i staten.

Det blei laga kommunikasjonsopplegg for fleire viktige saker i 2009. Størst var ein informasjonskampanje for gjennomføringa av stortings- og sametingsvalet. Statsbudsjettet og kommuneproposisjonen er to store årlege hendingar, og i tillegg jobba departementet aktivt for å formidle innhaldet i stortingsmeldinga Lokal vekstkraft og framtidstru. Utvida bustønad var ei anna viktig sak.

Førespurnader frå media	771
Pressemeldingar og -innbydingar	287

Nettsidene til departementet er ein av dei viktigaste kommunikasjonskanalane våre. Alle fagavdelingane i departementet medverkar med oppdatert og brukarvennleg informasjon.

Fleire viktige hendingar blei formidla via nett-tv. Sendingane frå politiske leiarmøte om bustadsosiale utfordringar og framlegginga av kommuneproposisjonen er to døme. Nettstatistikken syner at det òg var interesse for desse i tida etter hendingane.

I 2009 blei det registrert 940 000 besøk på nettsidene til departementet, regjeringa.no/krd.

Besøk på regjeringa.no/krd	940 000
Sidevisningar på regjeringa.no/krd	3 960 000
Høgast besøk	14. september
Mest besøkte nettside på regjeringa.no/krd	Valgportalen valg.no

Miljøleing – Grøn stat

Arbeidet med Grøn stat blei vidareført i 2009. Departementet legg særleg vekt på innkjøp, reiser og energibruk. Ved å bruke videokonferanseutstyr er det mogleg å redusere reiseaktiviteten.

Mållova

Mållova slår fast at nynorsk eller bokmål ikkje skal vere representert med mindre enn 25 prosent i rundskriv, kunngjeringar, brosjyrar og liknande. I 2009 var nynorskdelen i departementet på 53 prosent i kortare tekstar (under 10 sider), til dømes pressemeldingar, stillingsannonsar, kortare høyringsnotat, rundskriv og brosjyrar. Nynorskdelen i lengre tekstar (over 10 sider), til dømes rapportar, høyringsnotat, rettleingar, retningslinjer og liknande, var på 27,1 prosent. Proposisjonar og meldingar til Stortinget er ikkje rekna med. Interne dokument er ikkje omfatta av mållova.



Avdelingane i departementet

Departementet er delt inn i fire avdelingar og ei kommunikasjonseining. I tillegg kjem forkontoret til departementsråden og stats-

råden. Vi hadde i 2009 eit driftsbudsjett på 150,5 millionar kroner. For rekneskapsrapportering viser vi til det siste kapitlet.

Plan- og administrasjonsavdelinga	
Avdelingsfakta	
Stillingsramme i 2009 Tilsette i 2009	33 årsverk 40 personar (medrekna tilsette med redusert stillingsprosent)
Driftsbudsjett	21,1 mill. kr
Organisering	administrasjonsteamet dokumentasjonsteamet HR-teamet planleggingsteamet samordningsteamet økonomistyringsteamet
Forvaltar totalt	210 mill. kr
Av dette forvaltar departementet direkte	198 mill. kr

Plan- og administrasjonsavdelinga er den administrative avdelinga i departementet og fungerer som stab for departementsråden og serviceeining for dei andre avdelingane. Arbeidsoppgåvene omfattar samordning og kvalitetssikring av arbeidet i departementet med statsbudsjettet, samordning i høyringssaker og merknader til regjeringsnotat. Avdelinga har ansvar for økonomiforvaltninga generelt og driftsbudsjettet til

departementet spesielt, lønns- og personalforvaltning, personalpolitikk, rekneskapsføring og arkiv.

Avdelinga forvaltar òg ei fellesløyving til forskings- og utgreiingsoppdrag innanfor området til departementet, ei mindre løyving til større innkjøp og vedlikehald, i hovudsak innanfor IKT-området, og ei løyving til Noregs forskingsråd.

Regionalpolitisk avdeling	
Avdelingsfakta	
Stillingsramme i 2009	40,5 årsverk
Tilsette i 2009	41 personar (medrekna tilsette med redusert stillingsprosent)
Driftsbudsjett	25,9 mill. kr
Organisering	analyseteamet bedriftsteamet informasjonsteamet internasjonalt arbeid-teamet lokalteamet læringsteamet næringsteamet områdeteamet regionteamet sektorteamet stabsteamet økonomiteamet
Forvaltar totalt	2,6 mrd. kr
Av dette forvaltar departementet direkte	419 mill. kr

Ein aktiv og målretta distrikts- og regionalpolitikk skal bidra til verdiskaping, arbeidsplassar og velferd i heile landet. Dei viktigaste strategiane avdelinga arbeider med, er å skape attraktive arbeidsplassar, eit godt teneste- og velferdstilbod, god infrastruktur og attraktive stader. Avdelinga analyserer utviklingstrekk i samfunnet og følgjer opp politikktutvikling innanfor ulike sektorar som er viktige for utviklinga i distrikt og regionar. Ei viktig oppgåve for avdelinga er å samordne utforminga av politikk i ulike sektorar slik at dei utgjer ein heilskapleg og målretta politikk for regional utvikling. Avdelinga

utviklar og forvaltar særskilde distrikts- og regionalpolitiske verkemiddel retta mot næringsliv, fylkeskommunar, kommunar og forskingsmiljø. Den daglege forvaltninga av verkemidla er i hovudsak delegert til fylkeskommunane, Innovasjon Noreg, Selskapet for industrivekst (SIVA) og Noregs forskingsråd. Avdelinga har Distriktssenteret som ei underliggjande verksemd. Avdelinga følgjer den internasjonale utviklinga og er ansvarleg for Noreg sin medverknad i EUs program for det grenseregionale, transnasjonale og internasjonale samarbeidet inn for regionalpolitikken, Interreg.

Kommunalavdelinga	
Avdelingsfakta	
Stillingsramme i 2009	49,5 årsverk
Tilsette i 2009	60 personar (medrekna tilsette med redusert stillingsprosent)
Driftsbudsjett	34,1 mill. kr
Organisering	avdelingssekretariatet den juridiske seksjonen kommuneøkonomiseksjonen samordningsseksjonen
Forvaltar totalt	80,8 mrd. kr
Av dette forvaltar departementet direkte	123,6 mill. kr
Lover og forskrifter	kommunelova vallova forskrift om val kommuneinndelingslova lov om forsøk i offentlig forvaltning lov om interkommunale selskap

Kommunalavdelinga skal medverke til rammevilkår som legg til rette for lokalt sjølvstyre og ein kommunesektor som på ein god måte kan ta seg av dei ulike rollene som demokratisk arena, tenesteytar, samfunnsutviklar og myndigheitsforvaltar. Avdelinga har ansvaret for inntektsfordelinga mellom kommunar og mellom fylkeskommunar gjennom utvikling og drift av inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar. I tillegg arbeider avdelinga med dei samla inntektsrammene for kommunesektoren. Avdelinga samordnar staten sine tiltak overfor kommunesektoren og forvaltar kommunelova og resten av det juridiske rammeverket. Avdelinga har ansvaret for kommune- og

fylkesinndelinga, oppgåvefordelinga mellom forvaltningsnivåa, konsultasjonsordninga mellom staten og kommunesektoren og fornyingsarbeid retta mot kommunesektoren. Avdelinga har det nasjonale ansvaret for å førebu og gjennomføre val. Avdelinga er ansvarleg for KOSTRA, eit nasjonalt informasjonssystem knytt til kommunal og fylkeskommunal ressursbruk, og avdelinga forvaltar staten sin eigardel i Kommunalbanken AS. Avdelinga forvaltar direkte ei løyving til kunnskapsutvikling og drift av inntektssystemet, valløyvinga og delar av løyvinga til skjønnskot.

Bustad- og bygningsavdelinga

Avdelingsfakta

Stillingsramme i 2009	39 årsverk
Tilsette i 2009	39 personar (medrekna tilsette med redusert stillingsprosent)
Driftsbudsjett	25,8 mill. kr
Organisering	bustadseksjonen byggseksjonen byggkvalitetsseksjonen plan- og utviklingsseksjonen økonomi- og etatsstyringsseksjonen
Forvaltar totalt *	19,6 mrd. kr
Av dette forvaltar departementet direkte	5 mill. kr
Lover og forskrifter	bustadbyggjelagslova burettslagslova eigarseksjonslova husleigelova lov om kommunal forkjøpsrett til bustader husbanklova plan- og bygningslova, byggjesaksdelen saksbehandlingsforskrifta teknisk forskrift godkjenningsforskrifta lov om godkjenning og drift av innretningar til bruk i tivoli og moroparkar oreigningslova leigegardslova

* Husbanken forvaltar ein ramme på 104,5 mrd. kr

Bustad- og bygningsavdelinga skal medverke til å nå regjeringa sitt mål om at alle skal kunne bu godt og trygt, og at det bygte miljøet skal utformast med omsyn til ei bærekraftig utvikling. Ein god bustad er eit vilkår for eit godt og meningsfylt liv, og ein

føresetnad for å ta del i ei rekkje aktivitetar i samfunnet. Regjeringa skal ha ein aktiv og sosial bustadpolitikk og ønskjer at flest mogleg av dei som ønskjer det skal kunne eige sin eigen bustad. Regjeringa vil leggje til rette for ein velfungerande bustadmarknad



gjennom mellom anna god informasjon om bustadsektoren, balansert lovregulering av sektoren og tilgang til bustadfinansiering i heile landet. Byggjeprosessen skal vere mest mogleg miljøvennlig, effektiv og brukarvennleg, og bidra til god kvalitet og få byggjefeil. Regjeringa ønskjer at det bygde miljøet skal utformast med tanke på ei berekraftig utvikling der det blir teke omsyn til klimautfordringar og miljøkvalitetar. Regjeringa legg òg vekt på universell utforming som inneber at alle så langt mogleg kan bruke dei bygde omgivnadene utan særskild tilrettelegging eller spesialløysingar. God

byggjeskikk og stadsutvikling er òg viktig for å skape attraktive bygde omgivnader, og regjeringa ønskjer å medverke til dette.

Avdelinga følgjer opp måla til regjeringa gjennom lov- og forskriftsarbeid, lovtolking og utforming av økonomiske verkemiddel som lån, bustøtte, tilskots- og støtteordningar, og gjennom kompetansebygging, rådgiving og informasjon. Husbanken, Statens bygningstekniske etat og Husleigetvistutvalet i Oslo og Akershus forvaltar ordningane og ligg under Bustad- og bygningsavdelinga.

Kommunikasjonseininga

Fakta

Stillingsramme i 2009	10 årsverk
Tilsette i 2009	10 personar (medrekna tilsette med redusert stillingsprosent)
Driftsbudsjett	7,0 mill. kroner

Kommunikasjonseininga er departementet si fageining for kommunikasjon. Eininga står for, koordinerer og er pådrivar for effektiv medie- og samfunnskontakt og god kommunikasjonsforvaltning. Vidare har eininga ansvaret for den totale kommunikasjonsverks- emda i departementet både når det gjeld synleggjering av politikkområda for allmenta og fakta om lover, reglar og retningslinjer for

innbyggjarane. Derfor utarbeider eininga kommunikasjonsopplegg for dei viktigaste sakene, handterer presseførespurnader, arrangerer pressekonferansar og driv aktiv mediekontakt, overvaking og analyse. Kommunikasjonseininga har ansvaret for utviklinga av nettstaden regjeringa.no/krd og for interninformasjonen i departementet.

Personalområdet



Oversikt over bemanninga i eit mangfaldsperspektiv

Departementet har eigne retningslinjer for tilsetjing og skal praktisere positiv forskjellsbehandling for enkelte grupper (kjønn, etnisitet, redusert funksjonsevne) som er underrepresenterte. Nyare planar på det personalpolitiske området har som mål å leggje til rette for arbeidssøkjarar med redusert funksjonsevne, å auke pensjonsalderen og å auke rekrutteringa av personar med innvandrarbakgrunn. Til dømes oppfordrar stillingsannonsane personar med redusert funksjonsevne og innvandrarar til å søkje. Departementet praktiserer positiv særbehandling når ein søkjar seier frå om at han har nedsett funksjonsevne eller innvandrarbakgrunn.

Talet på tilsette, kjønn og lønn

Av dei 195 tilsette (181 årsverk) i Kommunal- og regionaldepartementet i 2009 utgjorde kvinner 59 prosent. Kvinner er i fleirtal i sakshandsamargruppa. For dei andre funksjonane er det tilnærma lik kjønnsfordeling. Gjennomsnittslønna for alle tilsette var kr 497 735. Gjennomsnittslønna for kvinner var kr 479 738, og gjennomsnittslønna for menn var kr 524 730. Lønnsskilnaden mellom kvinner og menn kan i stor grad forklarast med fordelinga mellom stillingsgrupper. 51 prosent av kvinnene er tilsett i gruppene med lågast lønn, sakshandsamarar, medan talet for menn er 28 prosent. Det er små skilnader i gjennomsnittleg lønnstrinn mellom kvinner og menn innanfor dei enkelte stillingskategoriane.

Tabell 1: Tilsette fordelte på stillingsgrupper, kjønn og lønn 2009*

Året 2009	Kvinner				Menn		
	Samla tal	Tal	Pst.	Snittlønn	Tal	Pst.	Snittlønn
Toppleiarar ¹	6	3	50	979 267	3	50	1 013 000
Mellomleiarar ²	25	12	48	648 733	13	52	645 962
Alternativ karriereveg ³	83	42	51	521 702	41	49	547 727
Sakshandsamarar ⁴	81	59	73	407 949	22	27	410 236
Sum tilsette	195	116	59	479 738 ⁵	79	41	524 730 ⁵
Rekruttert / snittlønn nytilsett	20	10	50	417 090	10	50	492 360
Slutta	24	13	54		11	46	
Snitt overtid (timar per tilsett)	26	23			31		
Personar med redusert stillingsprosent	21	17	81		4	19	

1 Departementsråd, ekspedisjonssjef, kommunikasjonssjef
2 Avdelingsdirektør, underdirektør
3 Spesialrådgivar, seniorrådgivar, fagdirektør, prosjektleiar


4 Rådgivarar, seniorkonsulent, førstekonsulent, konsulent
5 Ikkje medrekna toppleiargruppa

Aldersfordeling


Departementet har flest tilsette i aldersgruppa 30–39 år, der det er 68 personar. Færrast tilsette finn vi i aldersgruppene under 30 år, der det er 17 personar, og over 60

år, der det er 21 personar. Det er vesentleg fleire kvinner enn menn i aldersgruppene opp til 50 år, medan menn er i fleirtal frå 50 år og oppover.

Figur 1: Aldersfordeling for kvinner i departementet



Figur 2: Aldersfordeling for menn i departementet



I 2009 blei det tilsett 20 nye medarbeidarar i departementet.


Rekruttering

I 2009 blei det tilsett 20 nye medarbeidarar i departementet. Av dei 20 byrja 14 nytilsette i gruppa sakshandsamarar, to i gruppa alternativ karriereveg og fire i leiargruppa. Departementet fekk om lag 660 søknader på kunngjorde stillingar. I 2009 hadde departementet ei utskifting av personale på 12,3 prosent, mot 15,6 prosent i 2008.

Ansiennitet

Om lag ein tredel (73 personar) har vore tilsett i 10 år eller meir, medan 32 personar (16 prosent) har vore tilsette i meir enn 20 år. 49 personar (25 prosent) har vore tilsette i mindre enn to år.

Figur 3:
Fordelinga av tilsette etter kor mange år dei har vore i departementet




Kompetanse

Utdanningsbakgrunn

Dei tilsette i departementet har ulike fagleg bakgrunn. 70 prosent har høgare

utdanning på høgare grad, 19 prosent har høgare utdanning på lågare grad, og 11 prosent har vidaregåande skule, realskule og tilsvarende som si høgste utdanning.

Figur 4: Utdanningsbakgrunn i departementet 2009



Kompetanse er den viktigaste inn-satsfaktoren for departementet og ein føresetnad for å realisere dei visjonane og måla departementet har.

Kompetanseutvikling

Kompetanse er den viktigaste innsatsfaktoren for departementet og ein føresetnad for å realisere dei visjonane og måla departementet har. Dei tilsette får jamleg tilbod om utviklingstiltak innanfor både fagkompetanse, arbeidsverktøy og kommunikasjons- og relasjonskompetanse. I 2009 hadde vi følgjande tiltak i arbeidet vårt med kompetanseutvikling:

Arbeidsplassen som læringsarena: Dagleg læring skjer på arbeidsplassen når ein utfører arbeidsoppgåver, men òg ved til dømes fordeling av kompetansegivande oppgåver, gjennom ulike organisasjons- og arbeidsformer, jobbrotasjon, fungeringar, deltaking i faglege nettverk, tenestereiser og mentorordningar. Leiarane spelar ei viktig rolle i dette ved å motivere og inspirere medarbeidarane sine.

Vidareutdanning og stipend: Departementet legg vekt på å ha gode ordningar for individuell vidareutdanning med vekt på fagleg tilknytning til arbeidsområdet til søkjaren og eventuelle framtidige arbeidsområde i departementet. Det blei mellom anna gitt støtte til studium ved BI, SINTEF og HR Norge. Det er òg mogleg å hospitere i andre einingar internt og eksternt og vere med i internasjonale utvekslingsordningar. Departementet har hatt ein hospitant i Innovasjon Noreg. Ein tilsett frå Innovasjon Noreg har òg hospitert i departementet i 2009.

Kurs, seminar og temamøte: I 2009 har departementet arrangert ei rekkje tiltak retta mot alle tilsette, som engelskkurs, arbeidsmiljøarbeid, klart språk i departementet, prosjektstyring, kurs i ny offentleglov og dessutan temamøte om EU og EØS, tvistelova, universell utforming og utviklinga i norsk økonomi. Dei enkelte avdelingane har òg gjennomført ei rekkje tiltak ut frå faglege behov.

Eksterne læringsarenaer og samarbeidspartnarar: Tilsette har delteke på ulike eksterne opplæringstilbod i regi av mellom andre Partnerforum, Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi), Senter for statleg økonomistyring (SSØ), Servicesenteret for departementa (DSS), HR Norge og Administrativt forskningsfond (AFF).

Introduksjonsprogram for nytilsette: Nytilsette hos oss deltek i eit eige introduksjonsprogram som skal medverke til at dei finn seg raskt til rette, både fagleg og sosialt. Det blei gjennomført to introduksjonsprogram, kvart på tre dagar.

Utviklingsprogram for medarbeidarar: Målet er at medarbeidarane skal bli betre til å samarbeide, kommunisere og få større medvit om si eiga rolle og sine eigne preferansar og utviklingsmoglegheiter. Programmet blei òg gjennomført i 2009.

Leiarskapsutvikling

Vi legg vekt på å ta vare på og vidareutvikle eit høgt leiingsfagleg kompetansenivå ved å medverke til at leiarane stadig vidareutviklar seg som gode leiarar i ein lærande organisa-

sjon. Det blir årleg gjennomført leiarutviklingstiltak. I 2009 hadde vi to leiarseminar: plattform for leiing i staten om samarbeid og verdiar i utøvinga av eigen leiing samt korleis skape ein arbeidskultur prega av begeistring.

Medarbeiderundersøking

Hausten 2009 blei det gjennomført ei medarbeidarundersøking i departementet i samarbeid med konsulentselskapet Ennova. Svarprosenten var på heile 94. Undersøkinga viser at arbeidsgleda i departementet er høg, og vi vurderer resultata som bra. På bakgrunn av resultata er det utarbeidd konkrete handlingsplanar for oppfølging både på departements- og avdelingsnivå. Eit viktig tiltak i handlingsplanen til departementet er å utvikle eit nytt opplegg for medarbeidarsamtalar. Slike samtalar skal bli eit betre verktøy som bidreg til avklarte forventningar mellom leiar og medarbeidar om oppgåver og utviklings- og karrieremoglegheiter for den enkelte.



Helse, miljø og tryggleik

Departementet har ein lokal avtale om inkluderande arbeidsliv (IA-avtale). Departementet ønskjer å vere ein arbeidsplass som har plass til alle som vil og kan arbeide. Det er helse- og resultatfremmande at medarbeidarane trivst, og at det blir skapt gode relasjonar der dialogen mellom leiar og tilsett står sentralt.

Departementet har laga ein handlingsplan for reduksjon av sjukefråværet frå 5,6 prosent (2. kvartal 2001) til 4,5 prosent innan

utgangen av 2009. I samband med dette har vi også i 2009 arbeidd for å redusere sjukefråværet gjennom ulike tiltak. Sjukefråværet gjekk ned frå 6,7 prosent i 2006 til 5,9 prosent i 2007, vidare ned til 5,4 prosent i 2008 og til 5,2 prosent i 2009. Sjukefråværet er noko større hos kvinner enn hos menn, 6,2 prosent mot 3,9 prosent. Sjukmeldingar frå lege utgjorde 3,5 prosent, noko som svarer til 67 prosent av det totale sjukefråværet.

Ulike tiltak

- Bedriftshelsetenesta syter for fysisk tilrettelegging av arbeidsplassen for kvar enkelt ved behov og lagar individuelle treningsprogram.
- Departementet har tilgjenge til trimrom, aerobic, yoga og anna i eigne lokale. I tillegg har dei tilsette høve til å trene inntil éin time i arbeidstida ein gong i veka.
- Eit program med øvingar dei tilsette kan gjere framfor pc-en, er òg sett i gang.
- Som eit personalpolitisk tiltak er departementet med på ei ordning som inneber at det meste av det som kan kjøpast i kantina vår, er subsidiert.
- Departementet har revidert rutinane ved sjukefråvær og oppfølging av sjukemelde.

Sosiale aktivitetar og velferdstiltak

Departementet legg stor vekt på tiltak som fremmar trivsel og tilhøyrse mellom dei tilsette. Av dei mange tiltaka som blei gjennomførte i 2009, kan vi nemne:

- kulturlunsjar der musikarar eller andre kunstnarar hadde innslag
- eit bedriftsidrettslag som arrangerer ulike aktivitetar (fotball, innebandy, klatring, dansing, bowling og ski) for å byggje opp fysisk helse og trivsel
- ei fotogruppe som arrangerer kurs for fotointeresserte og går på utstillingar
- julebord og sommarfest

Den årlege velferdsturen gjekk til Hurum i juni månad med omvising i Henrik Sørensens samling i Holmsbu Billedgalleri.



Sommarfesten blei halden i slutten av august på Ekebergrestauranten med eit fagleg innslag frå fristaten Lucky Næroset i Ringsaker kommune først.



Driftsbudsjett og driftsrekneskap for 2009

Løyving og forbruk på kap. 500, post 1 Driftsutgifter

Tabell 2: Disponibel løyving og reelt forbruk på kap. 500, post 1 (i 1 000 kr)

Løyvingar ifølgje saldert budsjett for 2009	141 500
Overført frå 2008	6 877
Endring i løyvinga jf. St.prp. nr. 67 og Innst. S. nr. 355 (2008–2009)	1 000
Lønnsregulering	1 070
Sum disponibel løyving 2009	150 447
Rekneskap 2009	141 784
Mindreutgift	8 663
Refusjonar og inntekter:	
Meirinntekter under kap. 3500, post 1 Tilfeldige inntekter	126
Samtykke til overskriding av kap. 585, post 1 mot innsparing på kap. 500, post 1	–245
Refusjonar under kap. 3500, post 16 Refusjon av fødselspengar/adopsjonspenger	1 294
Refusjonar under kap. 3500, post 18 Refusjon av sjukepengar	1 295
Sum refusjonar og inntekter	2 470
Reell mindreutgift	11 133

Mindreforbruket kjem av at midlar sette av til planlagde utval og prosjekt ikkje har blitt nytta eller prosjekta ikkje har blitt gjennomført fullt ut. Noko av mindreforbruket kjem

av at det har teke lengre tid å rekruttere til ledige stillingar enn planlagt. I 2009 blei IKT-driftsutgiftene lågare enn budsjettanslaget.

Spesifisert rekneskap for 2009

Tabell 3: Spesifisert rekneskap 2009 (i 1 000 kr)

Nemning	Rekneskap 2009
Lønn og godtgjersler	105 288
Maskinar, inventar, utstyr	2 093
Forbruksmateriell ¹⁾	1 204
Reiseutgifter m.m.	9 274
Kontortenester m.m. ²⁾	4 903
Konsulenttenester	3 033
Vedlikehald og drift av maskinar m.m. ³⁾	3 268
Vedlikehald av bygg og anlegg	697
Drift av bygningar, lokalleige	12 024
Sum	141 784

Notar til rekneskapen:


- ¹⁾ inkluderer kostnader ved elektroniske tenester som nettverk, fjernaksess og betalingsformidling m.m.
- ²⁾ utgifter til trykking, kunngjeringar, abonnement, porto, telefon m.m.
- ³⁾ service- og vedlikehaldsavtalar

Fordeling av utgifter per avdeling/eining

Fordeling av utgifter per avdeling/eining
Figuren viser fordelinga av dei rekneskaps-

førte utgiftene per avdeling/eining. Visse fellesutgifter som husleige, straum, IKT og anna blir ikkje fordelte på kvar enkelt avdeling.

Figur 5: Rekneskapsførte utgifter per avdeling/eining



Tabell 4: Løyving og forbruk på kap. 500, post 45
Større utstyrsinnkjøp og investeringar

Tabell 4: Disponibel løyving og reelt forbruk på kap. 500, post 45 (i 1 000 kr)

Nemning	Rekneskap 2009
Løyvingar ifølgje saldert budsjett for 2009	1 000
Overført frå 2008	3 627
Sum disponibil løyving 2009	4 627
Rekneskap 2009	1 540
Mindreutgift	3 087

Løyvinga på posten blir nytta til større utstyrsinnkjøp og vedlikehald i departementet, i hovudsak i samband med investeringar i IKT-utstyr og -system. Som følgje av at Servicesenteret for departementa (DSS) er tenesteleverandør for IKT til departementet, blir vurderinga av behovet

for større investeringar og tidspunktet for å gjennomføre dei styrt av DSS. Mindreforbruket kjem av at dei melde investeringane i 2009 frå DSS ikkje blei gjennomførde eller ikkje blei utbetalte i løpet av året.

Tabell 5: Spesifisert rekneskap 2009 (i 1 000 kr)

Nemning	Rekneskap 2009
Maskinar, nettverk og periferiutstyr ¹⁾	1 182
Diverse investeringar ²⁾	359
Sum	1 540

¹⁾ pc-ar og anna

²⁾ systeminvesteringar knytte til IKT og oppussing av lokale

Utgjeve av:

Kommunal- og regionaldepartementet
Akersgata 59, Postboks 8112 Dep, 0032 Oslo
Tlf: 22 24 90 90, Faks: 22 24 95 45
postmottak@krd.dep.no
www.regjeringen.no/krd
Publikasjonskode: H-2248 N

Design: Gjerholm Design as

Trykk: Departementenes servicesenter 06/2010 - opplag 300

Foto: Fotoklubben KRD:

Agnar Kaarbø: 7, 8, 12, 16, 19, 23, 29, 31, 34

Gerlinde Øvland: 4, 11, 15, 16, 26, 32

Olav Rostad: for- og bakside, 20, 36

Ragnhild Indreeide: 2, 12

Vegard Ørstad: 2, 4, 16, 24, 32

Steinar Gjerholm: 12

Foto side 2 omslag: Colourbox

